





KVA?

Nasjonale prøver er ei landsomfattande kartlegging av grunnleggjande ferdigheiter i skrivning, lesing, matematikk og engelsk. Desse ferdigheitene er ein føresetnad for læring i alle fag og er difor avgjerande for korleis elevane klarer seg på skulen og seinare i livet.

Nasjonale prøver er altså ikkje vanlege fagprøver, men ei kartlegging av grunnleggjande ferdigheiter på nokre utvalde område. Leseprøvene skal mellom anna måla evna til å henta ut informasjon frå ein tekst, tolka og setja saman informasjon og reflektera sjølvstendig omkring form og innhald i teksten. Prøvene er utforma slik at både fagleg sterke og fagleg svake elevar skal møta utfordringar.



Dei nasjonale prøvene blir gjennomførte fire gonger medan elevane går i grunnskulen og i vidaregåande opplæring – på 4., 7. og 10. steget og på grunnkurset. Dei fleste prøvene tek ca. 2 timar, men skriveprøvene tek noko lengre tid, frå ca. 2 timar på 4. steget til ca. 4 timar på 10. steget og på grunnkurset i vidaregåande opplæring.



KVIFOR?

Føremålet med prøvene er først og fremst å gje lærarar og skular eit betre grunnlag for å tilpassa opplæringa til den einskilde eleven, anten eleven har gode eller svake prestasjonar. Prøvene skal òg synleggjera kva elevane kan på ulike område. Har éin elev problem med rettskrivinga og ein annan med lesefarten, må dei få ulik hjelp til å koma vidare.

Dei nasjonale prøvene må ein sjå i samanheng med undersøkingar som viser at mange norske elevar går ut av skulen utan gode nok ferdigheiter i mellom anna lesing og skrivning. Resultatet av prøvene skal dessutan gje eit samla bilete av ferdigheitene til norske elevar, slik at ein kan setja inn tiltak der det trengst.

AVGANGSPRØVE OG EKSAMEN

Dei nasjonale prøvene har eit anna føremål enn avgangsprøver og eksamenar. Avgangsprøve og eksamen er, på same vis som standpunktarakterar, ei sluttvurdering. Dei nasjonale prøvene er ei undervegs-vurdering som skal gje høve til vidare læring, utvikling og forbetring, slik at elevane mellom anna kan vera betre førebudde på å meistra avgangsprøver og eksamenar. Resultata frå dei nasjonale prøvene kan nyttast som ein del av grunnlaget for standpunktarakterar. Det er likevel viktig å peika på at standpunktarakteren ikkje skal setjast ut frå ei totimarsprøve åleine, men på grunnlag av arbeidet som eleven har gjort gjennom heile året, der den nasjonale prøva er berre eitt element.

FØREBUINGAR FOR ELEVEN

Prøvene tek utgangspunkt i læreplanane. Prøvene er ikkje fagprøver og krev difor ikkje spesielle førebuingar anna enn at eleven er aktivt med i opplæringa. Det er ikkje råd å «lesa seg opp» til prøvene dagen i førevegen.





PROFILAR

Elevane får ikkje karakterar på dei nasjonale prøvene, men ei tilbakemelding i form av profilar. Profilane viser delkompetansen til eleven og korleis han eller ho meistrar ulike element i faga, til dømes evna til å behandla problem og bruka symbol i matematikk. Profilane skal nyttast som underlag for ei meir individuelt tilpassa opplæring. Når eleven byter lærar eller skule, får nye lærarar tilgang til profilane, slik at dei kan planleggja undervisninga ut frå føresetnadene til eleven. Prøvene er utforma slik at det er mogleg å følgja utviklinga til den ein skilde eleven og elevgruppa over tid.



DELTAING

Dei nasjonale prøvene er obligatoriske for alle offentlege og frittståande skular. Fritak er mogleg berre for elevar som får spesialundervisning etter kapittel 5 i opplæringslova. Elevar som ikkje har høve til å gjennomføra éi eller fleire av dei nasjonale prøvene på prøvedagen, skal få tilbod om å gjennomføra prøva seinare.

NÅR?

Dei første nasjonale prøvene vart gjennomførte våren 2004, men ikkje på alle områda og ikkje på alle stega. I 2005 vil det bli halde nasjonale prøver i engelsk, matematikk, lesing og skrivning for elevar på 4., 7. og 10. steget. I vidaregåande opplæring vil alle prøvene bli gjennomførte, med unntak av skrivning, som det er frivillig for skulane å gjennomføra.



Dette er datoane for dei nasjonale prøvene i 2005:

4. steget

29. april: matematikk
2. mai: skrivning
4. mai: lesing
Vekene 17,
18 og 19: engelsk (lesing)

7. steget

1. februar: engelsk (skrivning)
3. februar: lesing
7. februar: skrivning
9. februar: matematikk
Vekene 4,
5 og 6: engelsk (lesing)

10. steget

25. januar: engelsk (skrivning)
27. januar: lesing
2. februar: skrivning
15. mars: matematikk
Vekene 9,
10 og 11: engelsk (lesing)

Grunnkurset

27. januar: lesing
4. april: engelsk (skrivning)
12. april: skrivning
15. april: matematikk
Vekene 14,
15 og 16: engelsk (lesing)

I engelsk er prøva delt i to, med ein skrivedel og ein lesedel, og ho skal haldast over to dagar. På 4. steget er det berre engelsk lesing. I 2005 er prøvene i skrivning på hovudmålet. Det er ingen eigne prøver for elevar med norsk som andrespråk. Dei skal ha den same prøva i lesing og skrivning som elevar med norsk som førstespråk. For samiske elevar blir det i 2005 inga prøve på samisk i skrivning, og i lesing blir det prøve på samisk berre for 4. steget. Samiske elevar skal gjennomføra prøvene i engelsk og matematikk slik det er skissert ovanfor.

SKOLEPORTEN.NO

Resultata frå dei nasjonale prøvene blir publiserte på nettstaden skoleporten.no. Publiseringa blir ikkje vist på individnivå, men som gjennomsnittsverdiar på skulenivå, kommunenivå, fylkesnivå og nasjonalt nivå. Av omsyn til personvernet skal ikkje resultata for dei minste skulane offentleggjerast. Dersom det er færre enn 10 elevar på årssteget på skulen, kjem ikkje resultata fram på nett-

staden. Men alle resultata skal rapporterast inn, og dei tel med i gjennomsnitta for kommunen, fylket og heile landet. Resultata frå dei nasjonale prøvene skal brukast i eit større nasjonalt system for kvalitetsvurdering. Det omfattar mellom anna informasjon knytt til ressursar, læringsmiljø, læringsutbyte og gjennomføring. Resultata frå dei nasjonale prøvene er éi av fleire datakjelder i kvalitetsvurderingssystemet.

Offentleggjinga av resultata legg ikkje til rette for å rangera skular, men gjer det mogleg for brukarane å samanlikna éin skule med ein annan eller med gjennomsnittet i kommunen eller i heile landet. Dette informasjonssystemet skal gjera sitt til å få i gang ein dialog mellom skuleleiarar, lærarar, elevar, føresette og lokalpolitikarar for å betra læringsmiljøet og læringsutbytet.

Kolstadgata 1
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO
Telefon 23 30 12 00
Telefaks 23 30 12 99
www.utdanningsdirektoratet.no